

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-243	22/365

Saknr	Utval	Type	Dato
101/2023	Formannskapet	PS	16.10.2023

Vedk. søknad om forskottering spelemidler - Solheim grendahus

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune yter Solheim grendahus eit lån på kr. 208.000,- som forskottering av tippemidlar, lånet vert gitt med rente- og avdragsfri periode på 1 år. Vert forskotteringa utover 1 år, legg ein til grunn ordinær utlånsvilkår, for utlån frå kommunen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Søknad om forskottering av spele/tippemidlar etter at ein ikkje nådde opp i årets tildelinga frå Vestland fylkeskommune.

Uttale/søknad Solheim grendahus

Søknad om spelemidlar frå fylket er godkjend, men grunna for lite statlege midlar til disposisjon både i 2022 og 2023 har vi ikkje enno fått tilsegn. Saka gjeld naudsynt vedlikehald og oppgraderingar knytt til deler av Grendahuset - i hovudsak inngangsparti, toalettfacilitetar og kjøkken. Grendahuset er no 55 år gammalt og treng sårt desse oppdateringane, men herunder også nokre naudsynte reparasjonar knytt til råteskader og tette avlaup (irreversible).

Kommunen har all dokumentasjon (søknaden til fylket med vedlegg) og har anbefalt søknaden ovanfor fylket vedrørande denne saka. Grendahuset stiller med eigenandel etter reglane for spelemidlar på kr. 360.000,- og søker om ekstern støtte utover dette på kr. 208.000,- for å få gjennomført det naudsynte arbeidet i samsvar med søknaden til Vestland fylke.

Vi fekk kalkulert kostnadene (vedlagt opprinneleg søknad) då vi søkte fyrste gong, og no nyleg har vi fått oppdaterte prisar frå to eksterne bygningsfirma. Vi ser at vi vil klara å halda opprinneleg budsjett, og vi har peika ut den aktøren vi vil gå for. Dette har vi meld muntleg, men har ikkje våga å kontraktfesta skriftleg.

Vi har registrert at Masfjorden kommune har gjeve forskot knytt til spelemiddelsøknader i andre høve, og søker med dette om om lik handsaming og forskottering av kr. 208.000,- knytt til spelemiddelsøknaden frå Solheim grendahus som kommunen er vel kjend med og som er godkjend og som vil liggja inne i fylket vidare inntil den blir prioritert.

Vi vonar på positivt svar på denne søknaden, og står til rådvelde for utfyllande spørsmål som

Masfjorden kommune måtte ha.

Fakta

Avslag på søknad om tilskot til kulturbygg 2023 - Solheim grendahus, med anleggsnummer 10 203 i Masfjorden kommune

Hovudutvalet for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune fordelte spelemidlar til kulturbygg i møte 20. september 2023. Søknaden dykkar om tilskot vart avslått.

Det er ved årets søknadsrunde godkjent søknader om tilskot til kulturbygg for omlag 36,8 millionar kr. Det var omlag 9,5 millionar kr til fordeling. 16 av 53 godkjente søknader fekk innvilga tilskot i 2023. Det er stor differanse mellom godkjent tilskotsbeløp og midlar til fordeling, og søknaden dykkar fekk avslag grunna prioriteringar med utgangspunkt i vurderingskriteria i [retningslinjene for tilskotsordninga](#).

Oversikt over alle søknadene med individuell grunngjeving for vedtaket finn de i politisk sak 86/2023 via [den politiske møteportalen på nettsidene til Vestland fylkeskommune](#).

Søknaden tilfredsstillir samstundes dei formelle vilkåra for tilskot, og kan fornyast i 2024 via www.anleggsregisteret.no. Søknaden kan fornyast når det vert opna for innsending av søknader i neste søknadsperiode. Ta vare på søknadsnummeret frå årets søknad.

Vurdering

Viser til opning for forskottering av tippemidlar, jf. spørsmål og svar i samband med kommunestyremøte den 24.6.21. Forskottering i form av utlån frå kommunen til tippemidlar vert utbetalt. Så lenge kommuneøkonomien tillet det, er dette ei god ordning for å få realisert prosjekt.

Konklusjon

Masfjorden kommune yter Solheim grendahus eit lån på kr. 208.000,- som forskottering av tippemidlar, lånet vert gitt med rente- og avdragsfri periode på 1 år. Vert forskotteringa utover 1 år, legg ein til grunn ordinær utlånsvilkår, for utlån frå kommunen.

Formannskapet - 101/2023

FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune yter Solheim grendahus eit lån på kr. 208.000,- som forskottering av tippemidlar, lånet vert gitt med rente- og avdragsfri periode på 1 år. Vert forskotteringa utover 1 år, legg ein til grunn ordinær utlånsvilkår, for utlån frå kommunen.

